

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 07.05.2018
Tidspunkt: 10:00 – 15.00

Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|-----------|---------------|
| Inge Reidar Kallevåg | Leiar | H |
| Kristian Helland | Nestleiar | FL KRF/SP |
| Terje Kollbotn | Medlem | R |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------------------------|----------|---------------|
| Åse Gunn Husebø | Medlem | A |
| Ruth Grethe Ø. Eriksen | Medlem | FRP |

Følgjande varamedlemmer møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|--------------------|------------------------|---------------|
| Olav Magnus Hammer | Åse Gunn Husebø | A |
| May Elin Limevåg | Ruth Grethe Ø. Eriksen | FRP |

Merknader

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|-------------------------------|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann, t.o.m. sak PS 32/18 |
| Ingrid Kristine Holm Svendsen | Fylkesdirektør organisasjon og økonomi, t.o.m. sak PS 32/18 |
| Svein Hegheim | Fylkesdirektør opplæring sak PS 32/18 |
| Torbjørn Mjelstad | Fagopplæringsjef sak PS 32/18 |
| Bjarne Ryland | Partner i Deloitte, t.o.m. sak PS 34/18 |
| Espen Hordvik | Rekneskapsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak 34/18 |
| Frode Løvlie | Forvaltningsrevisor i Deloitte |
| Roald Breistein | Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune |

Inge Reidar Kallevåg
utvalsléiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 28/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 29/18 | Godkjenning av møtebok frå forrige møte | | |
| PS 30/18 | Årsrekneskap og årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet | 2016/4239 | |
| PS 31/18 | Fylkesrådmannen orienterer om status for arbeidet med regionreforma | 2016/3311 | |
| PS 32/18 | Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring | 2015/12604 | |
| PS 33/18 | Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune | 2015/12605 | |
| PS 34/18 | Revisjonsplan 2018 | 2016/4239 | |
| PS 35/18 | Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte | 2015/11179 | |
| PS 36/18 | Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring - Revisjonsrapport | 2017/13386 | |
| PS 37/18 | Årsmelding for kontrollutvalet for 2017 | 2017/2535 | |
| PS 38/18 | Høyringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet | 2014/10539 | |
| PS 39/18 | Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i | 2015/8849 | |
| PS 40/18 | Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2 | 2015/2073 | |
| PS 41/18 | Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid | 2014/24576 | |
| PS 42/18 | Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Status i arbeidet ved Deloitte | 2017/15170 | |
| PS 43/18 | Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeidet ved Deloitte | 2017/13387 | |
| PS 44/18 | Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - Status i arbeidet ved Deloitte | 2017/17901 | |
| PS 45/18 | Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte | 2017/17902 | |
| PS 46/18 | Gjennomgang av møteprotokoller | 2015/11023 | |
| PS 47/18 | Referatsaker | | |
| RS 13/18 | Vestland fylkeskommune 2020 - oversyn over administrative delprosjekt | 2015/1434 | |
| RS 14/18 | "Husreglar" for samanslåingsprosessen | 2015/1434 | |
| RS 15/18 | Informasjon om forenklet ekstraordinær generalforsamling i Askøy Bompengeselskap AS | 2015/11183 | |
| RS 16/18 | AS Austevoll Bruselskap | 2015/11183 | |
| RS 17/18 | Informasjon om forenklet ekstraordinær generalforsamling i Bergen-Os Bompengeselskap AS | 2015/11183 | |
| RS 18/18 | Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per mars 2018 | 2018/9103 | |
| RS 19/18 | Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mars 2018 | 2014/10539 | |

| | | |
|----------|---|------------|
| RS 20/18 | Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 11. april 2018 | 2015/10348 |
| RS 21/18 | Vedtak i FUV 11.04.2018 - Rekneskapsrapport pr. februar 2018 | 2016/4239 |
| RS 22/18 | Skatteinngangen pr. mars 2018 | 2015/12603 |
| RS 23/18 | Revisors beretning 2017 | 2016/4239 |
| PS 48/18 | Eventuelt | |

PS 28/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 29/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 12.03.2018 vart samrøystes vedteke.

PS 30/18 Årsrekneskap og årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Holm Svendsen, presenterte årsrekneskapen for 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Inge Reidar Kallevåg (H) kom med forslag om at desse punkta bør vera med i uttalen frå kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis aukar og utgjer ved utgangen av 2017 113,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.
2. Kontrollutvalet meiner denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa denne gjeldsveksten.
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2017 vart på 2% medan måttalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4%. Kontrollutvalet har og merka seg at i 9 av dei siste 10 driftsåra så er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.

4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt.
5. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.

Med desse endingane i uttalen vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale, med dei endingane som kom fram i møtet, om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

PS 31/18 Fylkesrådmannen orienterer om status for arbeidet med regionreforma

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Holm Svendsen, orienterte om status for arbeidet med regionreforma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at prosjektleiar/fylkesrådmann kjem i møte 19.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 19.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.

PS 32/18 Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Fagopplæringssjef, Torbjørn Mjelstad orienterte om oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det er ønskjeleg at kontrollutvalet får orientering om ny status på oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring i møte i utvalet 17.12.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få orientering om ny status på oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring i møte i utvalet 17.12.2018.

PS 33/18 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte uavhengighetserklæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei orienterte også om oppdrag dei har hatt for Hordaland fylkeskommune ut over oppdrag bestilt frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

PS 34/18 Revisjonsplan 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplan 2017 frå Deloitte AS til orientering.

Utvalet ber om å få status om rekneskapsrevisjonen så langt i år i kontrollutvalet sitt møte 24. sept. -18.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte revisjonsplan for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

I forslag til vedtak står det «...revisjonsplan 2017....». Det rette skal vera «... revisjonsplan 2018...».

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan 2018 frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber om å få status om rekneskapsrevisjonen så langt i år i kontrollutvalet sitt møte 24.09.2018.

PS 35/18 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Hordaland fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 14.05.2018 for vidare handsaming i møte 04.06.2018.
3. Revidert plan skal danne grunnlag for felles prosessmøte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av det arbeidet dei har gjort for å kartlegge endringar i risikobilete i Hordaland fylkeskommune og som skal danne grunnlag for rullering av planen. Vidare leia han ein prosess der kontrollutvalet kom fram til dei endringane som må gjerast i gjeldande plan.

Det vert vidare lagt opp til å ha eit felles video-møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 04.06.2018 der m.a. rullering av plan for forvaltningsrevisjon skal vera eit tema.

Grunna mange saker i dette møtet vert saka utsett til møte i kontrollutvalet 04.06.18, der prosessmøte skal haldast frå kl. 08.30 – 11.00.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 vert utsett til møte i kontrollutvalet 04.06.18, der prosessmøte skal haldast frå kl. 08.30 – 11.00.

PS 36/18 Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningsliner og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningsliner og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningsliner og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningsliner og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring

11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte revisjonsrapport gjeldande forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart semje om at kontrollutvalet ber om at leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, får 15 minuttar i fylkestinget 12. – 13.06.18 for å presentere forvaltningsrevisjonsrapport innan arkiv og offentlegheit.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinjene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring
11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 37/18 Årsmelding for kontrollutvalet for 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

PS 38/18 Høyringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har slike forslag til endringar i vegleiar:
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vart samde om velga punkt 2 i forslag til vedtak.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

PS 39/18 Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet for punkt 1 b) for selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 b Fylkesrådmannen** seinast innan 06.08.18.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet for punkt 1 b) for selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 b Fylkesrådmannen** seinast innan 06.08.18.

PS 40/18 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjort så langt i høve forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.
2. På bakgrunn av at forbetningsarbeidet i hovudsak ikkje vil vera ferdig før utgangen av første halvår 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding, inkludert aktuell dokumentasjon, på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 03.09.2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjort så langt i høve forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.
2. På bakgrunn av at forbetningsarbeidet i hovudsak ikkje vil vera ferdig før utgangen av første halvår 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding, inkludert aktuell dokumentasjon, på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 03.09.2018.

PS 41/18 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid og seier seg ferdig med saka.

PS 42/18 Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orientert om status i høve selskapskontroll av Grieghallen IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 43/18 Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring -Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orientert om status i høve forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen vert ikkje klar til utgangen av mai, og levering vert difor utsett til 25.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Arbeidet med forvaltningsrevisjonen av fråfall i vidaregåande opplæring vert ikkje klar til utgangen av mai, og levering vert difor utsett til 25.06.2018.
2. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 44/18 Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orientert om status i høve forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 45/18 Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orientert om status i høve forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 46/18 Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkesutvalet 06.03. og 11.04.2018
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 20.03. og 24.04.2018

- Utval for opplæring og helse 13.03. og 17.04.2018
- Utval for miljø og samferdsel 14.03. og 18.04.2018

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 47/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 48/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

1. Folkevaldopplæring:

Kontrollsjefane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Rogaland og Hordaland fylkeskommunar hadde telefonmøtet 11.04.2018 for å diskutere stad og tid for ei felles samling tilsvarande den som vart halde i Molde i januar i år. Det vart semje om at samlinga skal haldast i Stavanger-regionen. Det kom elles fram at Hordaland og Sogn og Fjordane ønskjer at samlinga skal haldast hausten 2018, medan Rogaland og Møre og Romsdal ønskjer å ha samlinga i januar 2019. På bakgrunn av dette kom ein fram til følgjande forslag til aktuelle datoar:

- a. 6. – 7. november 2018
- b. 7. – 8. november 2018
- c. 8. – 9. januar 2019
- d. 9. – 10. januar 2019

Alle dei føreslåtte datoane passer for alle i kontrollutvalet.

2. Møte i kontrollutvalet 27. – 28.08.2018

Kontrollutvalet har tradisjon for å halde eit to-dagars møte ute i fylket. Dei siste åra har dette møtet vorte halde:

- 2014 Ullensvang/odda
- 2015 Bergen/Os
- 2016 Brussel
- 2017 Bømlo/Stord

Slike møte har t.d. innehalde besøk i kommuneadministrasjonar, synfaringar/besøk på fylkeskommunale einingar eller einingar som får fylkeskommunale tilskot.

I dette møtet er det ønskjeleg at det vert teke stilling til kor turen skal gå og ønskje om kven ein vil besøke. På bakgrunn av det kan sekretariatet leggje fram ei skisse på program på neste møte.

Kontrollutvalet vart samde om å leggje 2-dagars møtet i august til Voss. Besøket kan t.d. innehalde besøk på nye Voss vidaregåande skule, Voss kommune, nye Voss herad, Vindtunnelen, mv. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til møte 04.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Alle dei føreslåtte datoane for neste felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Rogaland og Hordaland fylkeskommunar passer for alle i kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet vart samde om å legge 2-dagars møtet i august til Voss. Besøket kan t.d. innehalde besøk på Voss vidaregåande skule, Voss kommune/Granvin herad, Vindtunnelen, mv. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til møte 04.06.2018.